



Trond Litleskare
Løbergssvingen 24
5055 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3587 - 18/35685

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
28.11.2018

Møtereferat og rettleiing vedkomande felles avløpsanlegg - gbnr 62/43 m fl Tofting

Til stades på møte 22.11.2018:

Trond Litleskare og Frode Svendsen – hytteeigarar i Toftingneset
Anne Lise Molvik og Knut Bjørnevoll – Lindås kommune, byggesak

Historikk i sak:

27.11.2002: Rammeløyve og utsleppsløve for inntil 15 pe (byggesteg 1)

24.03.2004: Igangsettingsløve for byggesteg 1, med vilkår

14.02.2012: Brev der kommunen spør om status i saka

Trond Litleskare orienterte om status:

Anlegget er utbygd med meir en det vart gjeve løyve til i 2002/2004. Ansvarleg søkar Bjørgvin VVS har gått konkurs. 8 hytter og 1 bustad er tilknytt. Anlegget er dimensjonert for å kunna ta imot utslepp frå alle tomtene i hyttefeltet pluss fleire bustader. Kart med innmålt anlegg vart vist i møtet og sendt til kommunen. Toftingneset hyttelag er under etablering og registrering i Brønnøysund. Laget skal eiga og drifta anlegget.

Vidare saksgang

Sidan byggetrinn 1 ikkje er avslutta med ferdigattest, og det har gått så mange år utan at saka er følgt opp, er det ryddigast å søka om løyve til utføring heile anlegget på nytt, slik som det er utført.

Og det må søkast om nytt utvida utsleppsløve etter forureiningsforskrifta kapittel 13, dersom forventa utslepp totalt vert over 50 pe. I dag reknar vi 5 pe pr eining, enten det er hytte eller heilårsbustad. Trond Litleskare er pr i dag registrert som tiltakshavar og eigar av utsleppsløvet og anlegget.

Dersom avløpsanlegget er over 50 pe, må kommunen godkjenna dette etter Lov om kommunale vass og avløpsanlegg dersom dette skal vere eit privat anlegg vidare.

Utdrag av vilkåra i rammeløvet frå 2002, som må følgjast opp i ny søknad:

1. *Det må dokumenterast løyve frå grunneigarar til å leggja leidning over andre eigedommar, og frå statens vegvesen for arbeid ved bru fundament.*

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

3 .Det skal sendast inn nye planar som skissert ovanfor, både for mellombels og framtidig permanent anlegg, og ny kontrollerklæring for prosjektering.

4 .Når søknad om tilkopling overstig 15 PE, vert det stilt krav om ny søknad om utsleppsløyve, og opparbeiding av det permanente anlegget med pumpeledning på land.

(ER sannsynlegvis overskride)

5. Det skal sendast inn søknad om løyve etter PBL til kommunen for kvar eigedom som skal koplast til anlegget. Avløp frå hytter/hus skal gå via slamavskiljar før utslepp til sjø. Slamavskiljarar skal plasserast tilgjengeleg for vanleg tømning med slamsugarbil.

(For nye hytter/hus kan dette inngå i byggesøknaden. ?

Søknad om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kapittel 13

- Søknadsskjema er vedlagt, eller det kan lastast ned frå <http://www.miljokommune.no/Maler/>
- Situasjonsplan med innmål anlegg er motteken
- Oversikt over eigedommar og eigarar som er tilknytt/skal tilknyttast anlegget
- Nabovarsling kan utelatast, då alle som er berørt er/eller skal bli medeigarar i anlegget og utsleppspunktet ligg langt frå land på 20 m djupne.
- Skildring av anlegget i tekst

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-3

- Søknadsskjema finn du her
- Nye ansvarsrettar for alle fagområde, med ansvarserklæringar og gjennomføringsplan
- Nabovarsling kan utelatast, då anlegget er utført og alle som er berørt er/eller skal bli medeigarar i anlegget og utsleppspunktet ligg langt frå land på 20 m djupne.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

62-47 Kart
62-47 Igangsettingsloyve trinn 1
62-47 Utsleppsloyve og rammeloyve 2002
Avløp Tofting 2012
Søknadsskjema med rettleiing, kapittel 13-anlegg, nynorsk

Kopi til:

Trond Litleskare Løbergssvingen 24 5055 BERGEN

Mottakarar:

Trond Litleskare Løbergssvingen 24 5055 BERGEN

